

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
01.11.2023

Tilstades på møtet

Medlemer: Stein Hugo Fykse, Anne Dahle Austrheim, Toril Hordvik, Terje Håland, Gerd Solheim, Edvard Bjerkestrand, Inger Synnevåg, Anny Bertelsen, Linda Brandtun, Helge Dyrkolbotn.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak.

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland (med på teams)

Desse hadde meldt forfall: Bjørn helge Olsen, Randi Dyrøy, Hanne Daae.

Desse møtte ikkje: Kine Lerøy

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 12/23 – S - 15/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

Møtet starta med ein gjennomgang av leiar på den siste 4 års perioden i soknerådet. og kva som har vore viktige hendingar for kyrkja denne tida. Denne gjennomgangen vart runda av med ein takk til Edvard Bjerkestrand, som var den einaste frå det gamle soknerådet som kunne stilla.

Grunna konstituering av det nye soknerådet, tok ein soknerådssakene først.

S – 12/23 KONSTITUERING: VAL AV LEIAR

Leiarvalet skjer ein gong i året.

Vedtak:

Helge Dyrkolbotn. Samrøystes.

S - 13/23 KONSTITUERING: VAL AV NESTLEIAR

Val av nestleiar skjer ein gong i året.

Vedtak:

Anne Dahle Austheim. Samrøystes.

S – 14/23 OPPNEMNING AV ARBEIDSUTVAL (AU)

Bakgrunn:

Soknerådet har den siste perioden og periodar før dette også, hatt eit eige arbeidsutval. Arbeidsutvalet har bestått av Leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjevevja.

Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og kan elles kontaktast ved behov for å avgjera eller gje føringar på problemstillingar som ikkje kan venta til neste soknerådsmøte.

Vedtak:

Austrheim sokneråd held fram ordninga med arbeidsutval som før. Arbeidsutvalet vil bestå av leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjevevja.

S – 15/23 MØTEPLAN:

Vedtak:

AU får i oppgåve å arbeida ut framlegg til møteplan. Denne vert tatt opp på neste soknerådsmøte, som vert 6.desember.

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
01.11.2023

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Stein Hugo Fykse, Anne Dahle Austrheim, Toril Hordvik, Terje Håland, Gerd Solheim, Inger Synnevåg, Anny Bertelsen, Linda Brandtun, Helge Dyrkolbotn.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak,

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland hadde meldt forfall.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland (med på teams)

Desse hadde meldt forfall: Bjørn helge Olsen, Randi Dyrøy, Hanne Daae.

Møtte ikkje: Kine Lerøy

Saker til førehaving:

F – 25/23 – F – 30/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 25/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Innkalling og saksliste 01.11.23 vart godkjent.

F – 26/23 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Gerd Solheim og Terje Håland

F – 27/23 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.09.2023

Vedtak:

Møteboka frå 06.09.2023 vert lagt fram ein gong til ved neste soknerådsmøte. Det kom fram følgjande merknader til møteboka:

Rekkefølga på varalista må endrast slik at den stemmer med talet på stemmer i kyrkjevalet. Det betyr at Inger Synnevåg kjem til å vera 1.vara til soknerådet.

Lista vert lagt fram for endeleg godkjenning på neste møte i soknerådet. 1.vara skal kallast fast inn til soknerådsmøtene . Erfaring syner at det omtrent alltid er behov for å kalla inn ein eller fleire av varamedlemmene til soknerådsmøta.

F – 28/23 BUDSJETTDOKUMENTET FOR 2024

Bakgrunn:

Det årlege budsjettdokumentet er no sendt inn til administrasjonen, som ein presentasjon av budsjettbehovet for 2024. Innhaldet i dokumentet handlar om behovet for drift og investering. Det er presentert eit behov for ein auke i driftsbudsjettet på 550 000 kroner og på investeringsbudsjettet med 150 000 kroner. Auken er naudsynt, hovudsakleg grunna vesentleg auke i løns og prisveksten. Dokumentet grunngjev også at soknet sin administrasjon har ei nøktern bemanning som er gjennomsnittleg og helst litt under andre sokn/kommunar det er naturleg å samanlikna seg med.

Vedtak:

Austrheim Sokneråd tek budsjettdokumentet for 2024 til vitande.

F – 29/23 SATSAR FOR MØTEGODTGJERSLE OG GODTGJERSLE FOR LEIAR:

Vedtak:

Austrheim sokneråd ber AU arbeida ut eit framlegg til nye satsar som skal gjelda frå neste år. Saka vert lagt fram for soknerådet så snart det let seg gjera.

F – 30/23 LØN KYRKJEVERJE

Ikkje offentleg.